



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 22.11.2023.

Rollag kommune
post@rollag.kommune.no

VEGGLIFJELL KOMMUNEDELPLAN 2019-2035 PLANID: 0632_2019201

Samandrag

Verda står nå midt i ei klima og naturkrise. Hyttebygging er negativt for klima både i byggefasen og i etterkant. Nedbygging av natur er den største trusselen for biologisk mangfald.

Planområdet er prega av myr og gammal “fjellskog”.

Deler av planområdet er vernskog. Det er registrert særst verdifulle natutypar i området, og fleire raudlista artar- sjølv om det ikkje har vore gjort spesifikk registrering av artar. Området grensar til Hardangervidda villreinområde, og auka ferdsel inn i området vil vera negativt for villreinen som nå er på raudlista.

Konsekvensen kan vera at trekket ut på Lufsjåtangen blir hindra, og at utveksling av rein frå Blefjell ikkje vil skje. Det er planlagt ein sambindingsveg mellom nordre og søre området. Grunngevinga er beredskap, men det kan lett løysast på anna måte.

Bygging i området vil øydeleggje myr, og mange av hyttene vil bli eksponerte i landskapet. Rollag har ei reserve på 800 ubygde tomter. Å planleggje for om lag 500 nye hytter i tillegg til dette, og 2200 allereie eksisterande hytter er ikkje forsvarlig politikk slik situasjonen er. Dersom planen, mot all sunn fornuft, allikevel blir sett i verk må følgjande område ut av planen: 2.2, 2.31, 3.13, og 3.18.

Dei store linjene - klima og naturkrise.

Verda står nå midt i både ei klima- og ei naturkrise.

Klima

Temperaturen på jorda har stige med 1,25 grader sidan industriell tid starta, og dette merkar me godt både i Norge og resten av verda. Konsekvensane er flaum, storm, tørke, brear som smeltar, minkande matproduksjon, og mange millioner menneske på flukt. Parisavtalen forpliktar alle land å melde inn nye eller oppdaterte mål for utslepp av klimagassa kvart femte år. Norge sine forsterket klimamål er å redusere utsleppa med minst 50 og opp mot 55% innan 2030 i forhold til 1990-nivået. Hittil har Norge bare redusert utsleppa med 5,5. Det betyr at me skal redusere klimagassutsleppa våre med 50% dei neste 7 åra. Nyare forskning viser at øydelegging og nedbygging av natur er ei stor kilde til utslepp.

Natur

I desember 2022 blei det endelig inngått ei ny naturavtale i Montreal, Canada. Naturavtalen er basert på det omfattande vitenskaplege arbeidet til det internasjonale Naturpanelet(IPBES), og er derfor godt vitenskapleg forankra. Naturpanelet samanstillir kunnskap om korleis det går med naturen, og gir samstundes svar på kva som skal til for å snu utviklinga. I følge Naturpanelet kollapsar viktige økosystem fleire stader i verda, og ein million artar står i fare for å dø ut. Naturpanelet seier at det ikkje er nok å stanse naturtap, me må også reparere øydelagte område. Me må ha meir natur - ikkje mindre. Naturavtalen har 23 delmål. Det første målet handlar om arealforvaltning og har ordlyden: "Alle areal skal forvaltes på en måte som sikrer naturen, og områder som har stor betydning for naturmangfold skal ikke gå tapt." Det overordna målet for Naturavtalen er at verdas land skal stanse og reversere tapet av natur innan 2030. Arealendringar er hovedårsaka til at både artar og naturtypar står i fare for å bli borte i Norge. For ni av ti trua artar på raudlista er arealendringar hovedtrusselen. Nedbygging og øydelegging av natur er ei kilde til utslepp av klimagassar, og ein trussel mot biologisk mangfald. Kommunane må ta sitt ansvar for å bidra til å oppfylle måla i både Parisavtalen og Naturavtalen. Konklusjonen må vera at tida for den store og omfattande hyttebygginga er over.


Kommunedelplanen- dårleg kartgrunnlag.

I tekstfeltet til kommuneplanen er indikerer den djupaste gulfargen "nåværende". Dette er trolig utbygde område der det enten er punktfeste eller eigen hytteeiendom, men man ser på kartet at dette truleg også omfattar ubebygde område verken med punktfeiter eller egne hytteeigedomar. Det er vist to større områder med farge «nåværende» rett sør for Halvfartjønn. Det er ikke mogleg på grunnlag av planen å få innsikt i kva for planstatus desse områda har. Er dette tideigere godkjedte reguleringsplanar, overført fra tidegare kommuneplan fra 2010?

I regjeringa si «Rettleiar om planlegging av fritidsbustader» fra 2022 står det: "Mange kommunar har store område for fritidsbustader som ikkje er bygde ut, i gjeldande kommuneplanar. Ved revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør byggjeområde som

ikkje er i tråd med nasjonale og viktige regionale omsyn, takast ut av planen og tilbakeførast til LNFR-område.”


Vi stiller spørsmål om disse to områdene i et sammehengende grønndrag er i samsvar med nasjonale og viktige regionale hensyn og frarår eventuell vidare utbygging.



Figur 7: Planområdet ligger i Numedal, like øst for Hardangervidda. Kilde: kommunekart.com

Planområdet omfatter i all hovedsak skog, myr og fjellområder. Det blir drive skogsdrift i området, som har resultert i eit nettverk av skogsbilvegar. Vegane blir også brukt som adkomst til privateigde hytter og anlegg som betjener det naturbaserte reiselivet i området. Det er en stor mengde registrerte kulturminner i planområdet.

Totalt omfatter planområdet 125 250 daa.



Figur 8: Planområdets avgrensning vises med svart stipla strek. Kilde: wms-kart.

Planområdet ligg i nordvestre del av Rollag kommune og grenser mot Nore og Uvdal kommune i nord og Tinn kommune i vest. Det er om lag 2200 eksisterande hytter innfor planområdet i dag, og om lag 800 innregulerte tomter som pt. ikkje er bebygd.


Den nye planen omfattar litt over 500 dekar, det kan tyde på om lag 500 nye hytter.

Planområdet grensar opp mot Hardangervidda nasjonalpark.

Kunnskapsgrunnlaget

Det er kommunen si plikt å sørge for at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med Naturmangfaldlova §8-12. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for planområdet, og det er regsitret naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks. Det er registrert mange raudlista artar i planområdet, inngrepsfrie område og særst verdifulle naturtypar. Etter vår oppfatning burde heile området vore kartlagt med tanke på biologisk mangfald.

Naturtypar




Kartet viser registrerte naturtypar. Alle dei med mørk farge er naturtypar med sær stor verdi. Det er vitig at dei ikkje blir ødelagt av hyttebygginga. Det er også viktig å ta omsyn til inngrepsfrie område- som er mangelvare, og registreringane av raudlista artar.

Sammenbindingsvegen

Sammenbindingsvegen mellom nordre og søndre Vegglifjell er i planen grunna med beredskap og næringsutvikling. Denne vegen på ca. 5 kilometer (berre 1,5km er omtala i planforslaget) vil medføre omfattande nedbygging av hittil urørte naturområder, og ikkje minst myr. Anleggsbredden vil vera 10-20 meter, og vegen vil da tilsaman øydeleggje over 50 dekar natur.

Naturvernforbundet i Buskerud saknar ei grundig behovsanalyse for vegen når den har så store konsekvenser for naturmiljøet. Ikke minst bør det foreligge ei analyse av kva for risikofaktorar for vegbrudd som foreligg på eksisterande veger, og korleis desse kan reduserast. Vinterstid er risikoen for vegbrudd svært liten. Vår, sommar og haust kan store nedbørmengder medføre auka risiko, men ingen av dei to vegene, hverken fra nordre eller søndre, ligg tett inntil store vassdrag. Utanom vinteren har Nordre Vegglifjell også vegutløsning til Tinn i tillegg til vanleg samband til Rollag. Vegen er markert på følgjande kart med tynn, raud linje.



Følgjande kartskisse viser nokonlunde planlagt vegtrase i Norgeskart. Dårleg kartgrunnlag i planen gjer det vanskelig å få det nøyaktig.



Som man ser av kartet vil ein slik vegtrase på ca. 3,5 km frå enden av innspillstrase 14.1 gå gjennom sær sårbar natur med mykje myr, og sperre eit verdifullt grøntdrag. Det er også verdt å merke seg at eksisterande hovedveg til Søndre Vegglifjell ligger rett vest.

Naturvernforbundet i Buskerud frarår at vegen blir bygd. Det gjeld både sammenbindingen mellom eksisterande veger i nord, jfr. Innspill 14.1, og vegen vidare sørover til eksisterande adkomstveg ved Myrefjell.

Villrein

Planområdet grensar mot Hardangervidda villreinområde.

Hardangervidda villreinområde har i kvalitetsnormen fått status dårlig. Det blir i desse dagar arbeid med ein tiltaksplan for å betre tilstanden for reinen på vidda. Hardangerviddareinen. I siste møte blei det lagt fram forslag om strenge restriksjonar for ferdsel, og stengning av turisthytter som ein del av

tiltaka for å få reinen til å bruke den nordvestlige delen av vidda somarstid. På grunn av ferdsel bruker reinen bare den sør-austre delen av vidda på denne tida.

I samband med revisjon av Regional plan for Hardangervidda kartla Norsk Villreinsenter Sør (NVS) forholda for villrein på Hardangervidda. Lufsjåtangen er beskrive som sær sårbar (NVS Notat 6/2018 og Rapport 7/2010). Lufsjåtangen er både vinterbeiteområde og trekkområde for utveksling mot Blefjell. Tekniske inngrep og ferdsel hindrer villreintrekk og reduserer beitearealet deira.

Auka ferdsel fra Vegglifjell vil vera vedlig negativt for villreinen. Omfanget av turisme og avstanden til hytteområda gjer dette området sårbart. Dersom ein åpnar opp for 2000 nye hytter vil forholda for villreinen bli sterkt redusert. Auka aktivitet kan gjera at Killingdalen blir ei barriere og at Lufsjåtangen går ut som beiteområde. Villreinstammen på Blefjell vil bli isolert.

I Regional plan for Hardangervidda 2019–2035 finner vi Hardangerviddarådets anbefaling den 19.09.2019

Vedtatt av

- fylkestinget i Telemark 12.12.2019
- fylkestinget i Vestland 9.–10.06.2020
- fylkestinget i Viken 18.–19.06.2020

Stadfestet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 01.10.2021:


Vegglifjell, Rollag kommune

Korridor ved Vegglifjell er viktig for å opprettholde trekkmuligheter over mot Blefjell. Denne korridoren bør sikres for fremtiden og ikke bygges ned.

Det har vært vurdert å utvide planområdet slik at viktige utbyggingsområder på Vegglifjell inngår i planen, men Rollag kommune ønsker ikke dette.

Konklusjon: Trekk-korridor i samsvar med kommuneplanen i Rollag tegnes inn på plankartet. Det medfører en liten utvidelse av planområdet i Rollag. Øvrige arealer på Vegglifjell holdes utenfor planområdet.

Naturvernforbundet i Buskerud tar det som en selvfølge at planane om parkeringsplasser i Killingskaret, som Statsforvalteren tidligeae har varsla motseg på av omsynh til villrein, ikkje blir realisert. Jfr innspill 10,2 som framleis ligg i planforslaget.



Kart fra Naturbase. Mørkegrøn skravering viser trekkveg for villrein.

I planomtalen står det om villrein:

“5.10 Villrein

Under planprosessen er det vedtatt ny regional plan for Hardangervidda, 01.10.2021.

Plangrensen er innarbeidet i kartet til kommunedelplanen. Det er avsatt en korridor

for utveksling av dyr mellom villreinstammene på Blefjell og på Hardangervidda. Korridoren er inntegnet i plankartet.”

Det hjelper lite å lage ein korridor på eit kart dersom ferdselen inn i villreinområdet aukar. Det er det som er avgjerande for om villreinen vil bruke området.

Fugl.


Fugl er ei dyregruppe som er lett å observere. Mange følger fuglelivet tett og har fuglekikking som hovedhobby. Det fører til at endringar i fuglebestandane blir fanga opp.

Fugl er også ein god indikator på tilstanden i naturen. Dei siste åra har me fått melding om nedgang i mange fuglebestandar. Spesielt utsatt er sjøfuglane, men også andre fuglebestandar har hatt nedgang.

Ny studie viser at talet på fjellfugl er redusert med 10% sidan årtusenskiftet. Typiske fjellfuglar med klar nedgang i bestanden er snøspurv, lappspurv og heipiplerke. Også typiske vadefuglar som heilo og rødstilk har gått tilbake. Begge er nå på Raudlista med status nær trua. Årsakene er sannsynlegvis klimaendringar og endra arealbruk i fjellområda. Det kom ny raudliste i 2021 og det blei ei auke av raudlista fugl på 11 artar. 93 artar er nå på raudlista - heile 40% av dei som blei vurderte. Granmeisen kom på raudlista i 2021 etter tilbakegang på 30-50% på 10 år.

Naturtyperegistreingane i Vegglifjell viser at det er mange område med gammal skog. Det er viktig for artar som granmeis og toppmeis.

Lavskrike er veldig avhengig av slik naturskog. Dei lever i familiegrupper i eit område, og hamstrar mat gjennom sommarhalvåret. Det er grunnen til at dei er så stasjonære i eit område heile livet. Dei er ikkje raudlista, men er sjølvsagt sårbare for endringar i leveområdet sitt.



Artskart - filter granmeis, lavskrike, toppmeis.




Granmeis - status sårbar.

Søk på artskart - Artsdatabasen viser at det er mange registreringar av dei typiske gammaskogartane, granmeis, lavskrik og toppmeis. Det ser ut til å vera eit viktig leveområde for dei. Lavskrike er ein art som mange reiser lange avstandar for å sjå.



Heilo. Status nær trua.



Lavskrike. Livskraftig, men stasjonær.

Myr

Det er mykje myr i planområdet.

Myr er eit viktig karbonlager, ein reknar med at 1m med myrjord har lagra karbon i 1000 år.

Dersom myra blir øydelagt vil dette ende opp som klimautslepp. Myr er ein viktig flaumdempar, myr rensar vatn, er levestad for mange artar, og eit område for rekreasjon og matauk.

Staten bruker mange millionar på å restaurere myr, mens kommunane bygger ned i stor stil.

Dette må ta slutt.

Det blir krevande å bygge høgstandard hytter i dette området utan å øydelegge myr.

Friluftsliv.

Kommunen har registrert store delar av planområdet som viktig friluftsliv- område. Det er viktig at desse blir tatt omsyn til i planarbeidet.

NiB viser til "Rettleiar for planlegging av fritidsbustadar som kom fra Kommunal og Distriksdepartementet i 2022.

I punkt 6.3 Friluftsliv og ferdsel heiter det mellom anna: «Ønsket om å utøve friluftsliv og få naturopplevingar er ein viktig grunn til at mange vil eige ein fritidsbustad. Nye fritidsbustader og auka tilrettelegging for friluftslivsaktivitetar gjev fleire sjansen til å oppfylle dette ønsket, men kan også føre til nedbygging eller redusert tilgang til friluftslivsområda. Attraktiviteten til eit fritidsbustadområde heng nært saman med natur- og landskapskvalitetane i området. Utbygginga må derfor balanserast slik at natur- og landskapsverdiane blir sikra, og slik at områda ikkje

mister attraktiviteten sin som friluftsområde. Mykje av hyttebygginga i fjellet skjer i skogbeltet i overgangen til snaufjellet. Slike skogbelte er ofte viktige som friluftsområde i tillegg til at dei er viktige for naturmangfald, visuell og vindmessig skjerming, og i mange tilfelle også som beiteområde. Dette er omsyn som må leggjast vekt på ved lokalisering av nye fritidsbustader. I område med samanhengande fritidsbusetnad og stort utbyggingspress er det viktig å ta vare på grønne korridorar mellom hyttefelt.

Vatn

Det er viktig at 100-metersbeltet langs vassdrag blir tatt omsyn til, og at kantvegetasjonen blir tatt vare på. Det er viktig for livet i vassdraget og dempar avrenning ut i vassdraget. Avrenning frå hytteområda må ikkje føre til dårligare vannkvalitet.

Lys

Det har vist seg at insektlivet er sterkt negativt påverka av kunstige lyskilder i naturen. Verda opplever stor nedgang i insektbestanden, i enkelte område over 70% nedgang. Det blir viktig å ha det i tankane når reguleringsplanar blir utarbeidd. Små glasflatar og minimalt med utelys er viktig. Utstrekt lyssetjing gjer at større hytteområde er svært synlege i mørket. Dette reduserer moglegheitene til å oppleve stjernehimmlen, og kan ha negative konsekvensar for insekt og andre dyr.

Det må vera forbode å ha på utelys dersom ein ikkje er på hytta.

Landskap

Kommunal og distriktsdepartementet kom i juni 2023 med dokumentet Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I kap.5.3: Ta vare på naturmangfald, friluftinteresser og kulturmiljø står det: "Vi har i dag meir enn 445 000 fritidsbustader, og talet har auka jamt dei siste 20 åra. Fritidsbusetnad utgjer eit viktig næringsgrunnlag i mange kommunar. Samtidig kan vidare utbygging i mange tilfelle ha negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, klimagassutslepp, landskap og kulturmiljø, og føre til konflikt med landbruk, reindrift og andre næringar.

Rettleiar for planlegging av fritidsbustadar seier om landskap i punkt 6.1:

"Landskapet omfattar alle naturgjevne og menneskeskapte eigenskapar ved eit område, dvs. naturverdiane, naturressursane, kulturmiljøet, friluftslivet og dei fysiske omgjevnadene ein kan sjå og oppleve på ein stad. I tillegg rommar landskapsomgrepet måten vi oppfattar eit område på og verdiane vi gjev det. Europarådets landskapskonvensjon forpliktar oss til å leggje vekt på og ta omsyn til landskapet i all planlegging. Fritidsbustadene ligg som regel i overgangen mellom dei landskapa vi opplever som naturgjevne, og dei vi oppfattar som menneskeskapte. Det er viktig å sikre at bygningane og infrastrukturen blir lokalisert og utforma slik at særpreget og identiteten ved landskapet blir sikra på ein god måte. Fritidsbygga må tilpassast forma på landskapet, vegetasjonen, naturmangfaldet, kulturmiljøet, beiteverdiar mv. Ei samling av fritidsbygg vil ofte medføre mindre nedbygging av natur og gje betre landskapstilpassing enn eit spreidd utbyggingsmønster. Verknaden av den einskilde hytta og hyttefeltet er større enn sjølve arealbeslaget, og utbygginga kan påverke verdiar som ligg langt utanfor tomte og planområdet. Store fritidsbustadområde kan prege landskapet i vid omkrins og redusere moglegheitene til å oppleve urørt natur og intakte landskap med kulturhistoriske verdiar."

NiB reknar med at dette blir tatt omsyn til i planlegginga.

Landbruk

Naturvernforbundet registrerer at konflikten mellom hyttefelt og landbruket er aukande. Hyttefolket irriterer seg over beitedyr i nærleiken av hytta, og mange er redde for å møte flokkar av storfe på tur. Laushundar som jagar og drep sau er vanlig i område med stor ferdsel. Hyttefelta reduserer beiteområda til dei som ønskjer å drive landbruk, men som opplever at naboen treng dette området for rekreasjon til hyttefelta sine. Beiteressursen kan bli verdifull i framtida for å kunne produsere eigen mat i ei usikker verd. Det er lite framtidsretta å bygge ned god beitemark eller dyrkbar jord.

Klima

Hyttebygging fører til klimautslepp både i byggeperioden og i etterkant av bygginga. Det er viktig å ta omsyn til dette i planarbeidet.

Energi

I følge styresmaktene kjem me til å mangle energi om relativt kort tid. Det må derfor stillast krav til alternative energikilder, som solceller, eller jordvarme for nye hytter.

Innspel.

Det er positivt at kommunen har tatt ut mange innspel til planen. NiB har allikevel forslag til fleire som bør ut av planen, dersom den skulle bli sett ut i livet.

2.2 Dette området ligg som øyar i eit større myrområde. Det er fleire raudlista artar og verdifulle naturtypar i nærleiken.

Inspelet bør ut av planen.

31.2

Frå konsekvensutgreiinga:

“Ingen artar er registrert innenfor justert innspillsområde, men i umiddelbar nærhet er det registrert rødlistede artar som gubbeskjegg (NT), granseterlav (NT), granmeis (VU) og grønnfink(VU).” Området er ikkje kartlagt systematisk, det er derfor stor grunn til å tru at det er raudlista artar i området.

Området ligg i vernskog, noko som viser at det er skog som i stor grad bør takast vare på.

Skrenten ned fra Myrefjelltoppen er ein viktig biotop for både dyre -og fugleartar.

Den er ei ferdselsåre frå Myrefjell seter og sørover. Den blir mykje brukt, særleg vinterstid.

Denne traseen blir øydelagt ved ei utbygging av området.

NiB viser til Rettleiar for bygging av fritidsbygg. Mange av hyttene her vil bli liggjande eksponert.

NiB meiner at inspelet bør ut av planen.

3.13

Området ligg som ei øy i eit stort samanhengande myrområde. Det er eit nytt område- med relativt stor avstand til andre hytter.

Innspelet bør ut av planen.

3.18.

Utbygging her vil øydeleggje store myrområde. Bør ut av planen.

Konklusjon.

Planområdet er for ein stor del prega av myrområde og viktige naturtypar - gammal skog.

Det er viktig leveområde for mange artar også raudlista.

Ei stor utbygging her vil ha store negative konsekvensar for både naturmangfald og klima.

Kommunen har ei tomereserve på 800 ubygde tomter. Å legge opp til ei utbygging med 500 nye hytter er ikkje forsvarlig politikk. Kommunen burde i staden vurdere ein planvask på allereie eksisterande planar.

Naturvernforbundet meiner at planen ikkje kan realiserast. Konsekvensane for klima og natur er for store. Dersom planen mot all fornuft blir realisert må følgjande innspel ut av planen: 2.2, 31.2, 3.13 og 3.18.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal.

Kopi: Statsforvalaren i Oslo og Viken